

Airlift AS
Flyplassvegen 93
6977 BYGSTAD

Sakshandsamar: Kari Vikhals Fagermo
Telefon direkte:
Dato: 29.08.2024
Referanse: 24/24103-17

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Airlift AS - HMS-tilsyn - Systemrevisjon - Vedtak om pålegg - 2024 - 0003-9406

Luftfartstilsynet gjennomførte HMS-tilsyn hos Airlift AS sitt hovudkontor på Bringelandden 19. juni 2024.

På bakgrunn av HMS-tilsynet og ei nærare vurdering av tilgjengeleg dokumentasjon, har Luftfartstilsynet utarbeidd ein tilsynsrapport. Tilsynsrapport 0003-9406 følgjer vedlagt..

Regelverk

Luftfartstilsynet fører tilsyn med at krav som følgjer av arbeidsmiljølova (aml) med tilhøyrande forskrifter, vert overhaldne, jf. forskrift om unntak frå arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter for sivil luftfart mv.

Luftfartstilsynet kan med heimel i arbeidsmiljølova § 18-6 påleggje verksemda å gjennomføre nødvendige tiltak for å sikre samsvar med ovannemnde regelverk. Dei krava som verksemda er vurdert opp mot kjem fram av tilsynsrapporten.

Vurdering

Beskriving av konkrete funn som er avdekte og Luftfartstilsynets vurdering av om verksemda er i tråd med aktuelle krav kjem fram av tilsynsrapporten.

Som det framgår av vedlagde tilsynsrapport, er det gjort 6 funn. Det blei avdekt 4 brot på arbeidsmiljølovgivinga (nivå 2) og dessutan 1 forbetningsforslag. Brota er knytt til manglar i arbeidskontraktar, lovpålagd HMS-opplæring, kartlegging og risikovurdering, samt krav til støy- og vibrasjonsmålingar.

Vår dato
29.08.2024

Vår referanse
24/24103-17

Vedtak

Luftfartstilsynet gir med heimel i aml § 18-6 følgende pålegg:

Med bakgrunn i funn nr. 2 jf. aml §§ 14-5 og 14-6, vert verksemda pålagd å:

- Sjå til at arbeidsavtalane ivaretek dei minimumskrava til skriftlege arbeidsavtalar i aml. § 14-6, som gjaldt før 01.07. 24.

Verksemda må sende oss ei stadfesting på at manglar i gjeldande arbeidsavtalar er kontrollerte og korrigerte innan **01.11.24**.

I dette arbeidet bør verksemda også ta omsyn til endringane i lova som trådde i kraft 01.07.24.

Med bakgrunn av funn nr. 3 jf. aml §§ 6-5, 7-4 og forskrift om organisering, leiing og medverknad §§ 3-18 og 3-19, vert verksemda pålagd å:

- Sende kursbevis for gjennomført 40-timars opplæring for verneomboda og AMU-medlemmene.

Merk at alle delar av opplæringa må vere gjennomført for at Luftfartstilsynet godkjenner lovpålagd opplæring. Verksemda må sende oss kursbevisa innan **30.11.24**

Med bakgrunn i funn nr. 4, jf. Aml § 3-1, 2. ledd bokstav c, samt internkontrollforskrifta § 5, 6. punkt, vert verksemda pålagd å:

- Gjennomføre ei overordna kartlegging og risikovurdering for besetningsmedlemmer tilsvarande den overordna kartlegginga og risikovurderinga verksemda har gjort for teknisk personell.
- Sende over kartlegginga, risikovurderinga og handlingsplanen som følgje av dette arbeidet.
- Sende over ei beskriving på korleis vernetenesta har medverka til dette arbeidet.

Verksemda må sende oss dokumentasjonen innan **01.11.2024**

Med bakgrunn i funn nr. 5, jf. aml § 4-4 og forskrift om utføring av arbeid §§ 14-3, 14 -4 og 14-11, 14-12 vert verksemda pålagd å:

- Gjennomføre kartlegging/måling av støy og vibrasjonar, risikovurdere og utarbeide handlingsplan for å redusere avdekt risiko.
- Sende over rapporten etter gjennomførte målingar og handlingsplanen for verksemda.
- Sende over ei beskriving på korleis vernetenesta har medverka til dette arbeidet.

Dersom kartlegginga (målingane) viser at tilsette vert utsette for eksponering som overskrider fastsette grenseverdier, vil Luftfartstilsynet kunne treffe ytterlegare pålegg om tiltak. Verksemda må sende oss dokumentasjonen innan **01.01.2025**

Vår dato
29.08.2024

Vår referanse
24/24103-17

Informasjon til vernetenesta

Luftfartstilsynet føreset at verksemda vidareformidlar kopi av dette brevet med vedlegg til verneorganisasjonen, jf. arbeidsmiljølova § 18-6, 8. ledd.

Klagetilgang

Samferdselsdepartementet behandlar klager over vedtak fatta av Luftfartstilsynet. Fristen for å klage er 3 veker. Fristen blir rekna frå det tidspunktet då underretninga om vedtaket er komen fram til føretaket. Ein kan lese meir om klageadgangen her:

<https://luftfartstilsynet.no/om-oss/saksbehandling>

Med vennleg helsing

Erik Hammer
seksjonssjef
Menneskelig ytelse og utdanning

Kari Vikhals Fagermo
fagansvarleg arbeidsmiljø/HMS-inspektør

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.

Kopi til: Menneskelig ytelse og utdanning - Endre Solberg Kleiven, Airlift AS - Synnøve Øyra Iversen